

## 4H Kulturstikka

### Bakgrunn

Mykje spennande kulturelle aktiviteter skjer i 4H, men dei blir svært skjeldan publisert eller vist for andre enn medlemmane i eigen klubb og føresette.

4H har som føremål å skape ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom. I år er det kommuneval, og vi ønsker å nytte høvet til å vise fram 4H som ein arena for ytringsfridom og engasjement.

4H Hordaland har over 1000 medlemmer og 39 klubbar spreidd over heile fylket.

### Prosjekt mål

- synleggjere kva barn og unge er opptekne av
- vere arena for ytring og formidling
- stimulere barn og unge til å utforske nye måtar å uttrykke seg sjølv på
- synleggjere mangfaldet i 4H
- stimulere klubbane og medlemmane til samfunnsengasjement
- utfordre klubbane og medlemmane til å finne på morsomme kulturelle aktivitetar/uttrykk

### Målgruppe

4H-medlemmer mellom 14 og 20 år

### Prosjektidé

4H Hordaland sender ut ei bodstikke/kulturstikke som er på vandring mellom klubbane, samt innom alle fylkesarrangement i perioden 1. april – 1. oktober 2017. Kulturstikka er både digital slik at ein kan legg ut og følge med undervegs, samt ei fysisk stikke der ein kan legge med teikningar og gjenstander. Saman med kulturstikka vil vi også sende ut ei bok der det står informasjon om tema og utfordringar, men som deltakarane også kan teikne og skrive i.

Deltakarane kan velje mellom ulike tema og morsomme utfordringar. Vi håper dermed å få fram mange meiningar og synsvinklar på viktige samfunnsspørsmål, samt eit mangfald av ulike måtar å uttrykke desse på. Det skal vere gøy for medlemmane å delta!

## Innhald

Når	Tiltak	Arena	Ansvar
15. mars	Idémyldring rundt utfordringer og tema		prosjektgruppe
25. mars	Utforming av kulturstikka på nett og som fysisk stikke		Prosjektleiar
1. april	Startskudd for prosjektet og første utfordring til deltakane på dei ulike delkursa	Storkurs (Alversund)	
2. april – 9. juni	Kulturstikka vandrer frå klubb til klubb i Hordaland (liste)	I klubb eller privat regi	
10. juni	Deltakarane blir utfordra på nytt tema og kulturuttrykk	Fylkesleir (Kinsarvik)	
11.juni – 9. september	Kulturstikka vandrer frå klubb til klubb i Hordaland (liste)	I klubb eller privat regi	
10. september	Prosjektet sin siste utfordring og tema til deltakarane	Senior- og alumnsprell (Bergen sentrum)	
11. september	Fylkesstyret overleverer resultatet til fylkespolitikar		

## Organisering

4H Hordaland eig og driv prosjektet. Prosjektleiar vil drive og administrere prosjektet med hjelp frå ei prosjektgruppe nedsett av styret og tilsett på 4H-kontoret.

## Budsjett og finansieringsplan

	Budsjett
<b>Inntekter</b>	
prosjektstøtte, LNU aktivitet	45 000
prosjektstøtte, Hordaland fylkeskommune Amatør kultur	10 000
Egenandel, 4H Hordaland	10 000
<b>Sum inntekter</b>	65 000
<b>Utgifter</b>	
Administrasjonskostnader	15 000
Porto og transport av stikka	5 000
Marknadsføringsmateriell	10 000
Informasjonsmateriell	5 000

Reiseutgifter	10 000
Dugnadsinnsats	17 500
Diverse	2 500
<b>Sum utgifter</b>	<b>65 000</b>
<b>Resultat</b>	<b>0</b>